

Sirkus Agora til Uskedalen sundag 9. september

23.08.2018



Sirkus Agora kjem til Uskedalen sundag 9. september.

Uskedalen er tilbake på turneplanane for sirkus. Etter litt av og på med Sirkus Arnado dei siste åra, er Sirkus Agora på plass på Rabben Feriesenter sundag 9. september. Sirkusdirektør Jan Kjetil Smørdal ser fram til å koma til Uskedalen med ei to timer lang framsyning, fyllt av alt det eit sirkus skal vera.

Jan Kjetil Smørdal frå Nordfjordeid starta sirkusøvingar som ung gut, på ei stram line mellom utedoen og eit epletre. I 1989 var han klar for å dra ut på vegen med ei fullverdig framsyning. Premieren var på Hamar 14. september. Smørdal dreiv omreisande sirkus fram til 2009. I perioden 2010 til 2017 turnerte Jan Kjetil i regi av Den kulturelle skulesekken.



[Jan Kjetil Smørdal er klar for nye stunt i Uskedalen.](#)

I fjar var han tilbake i sirkuslivet med nytt telt og ny bilpark. I 2018 går turneen frå Lista i sør til Båtsfjord i nord. Uskedalen er lagt inn på sundag 9. september, på reise frå Odda mot Leirvik på Stord. Folk vil ha ekte sirkus som fungerer uansett alder, kultur og språk.

Artistane er alle profesjonelle og har lang erfaring frå sirkuslivet ute i Europa. I programmet finn vi mellom anna sjonglørar, linedansarar, akrobatikk med luftige og dristige svev, klovnar og hundeshow.

Jan Kjetil Smørdal lovar ei forrykande sirkusframsyning. Det er oppvarma telt. Billettar kan du kjøpa på nett eller ved inngangen. Det er barnebllett for dei mellom 2 og 14 år. Born under 2 år er med foreldra gratis. Det er også grupperabatt dersom minst 20 personar kjem i samla flokk.

Tekst/nett: Kristian Bringedal

Foto: Sirkus Agora



Ekte sirkus fungerer godt uansett alder, kultur og språk.